



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	099/12	29.11.2012	OLEKRA

Avgjerd av: Solund formannskap	Arkiv: K2-U41, K3- &13	Arkivsaknr 12/519
	Objekt:	

UTTALE TIL FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET OM NYTT MINSTEMÅL PÅ SEI

ORDFØRAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Solund formannskap gjev fylgjande høyringsuttale, som byggjer på HAFS Regionråd og ordførarane på kysten av Sogn og Fjordane sine uttaler, til Fiskeri- og kystdepartementet om nytt minstemål for sei:

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt ut framlegg til endring av minstemålet på sei nord og sør for 62^oN. I høyringsnotat av 12. oktober 2012 går departementet inn for å innføre eit minstemål for sei, gjeldande for alle fartøygrupper på 45 cm nord for Stad og 40 cm sør for Stad.

Dette framlegget er ein direkte trussel for fiskeriarbeidsplassar og fiskerisamfunn langs kysten av Sogn og Fjordane fordi:

- ◆ Seinotfisket skjer langs kysten før seien vandrar ut i ope hav. Havforskninga og kystfiskarane er samde om at seien i all hovudsak vil vere vandra ut av dei moglege områda for kystnotfiske før han når det nye minstemålet.
- ◆ Notsei er hovudproduktet til to kvitfiskverksemdar på kysten av fylket vårt – Bulandet Fiskeindustri på Bulandet i Askvoll og Brødrene Larsen i Kalvåg i Bemanger. For Bulandet Fiskeindustri er 75% av råstoffgrunnlaget levande småsei fanga med kystnotfartøy. Utan dette råstoffet er det overhengande fare for at 25 fiskeriarbeidsplassar i Bulandet vert nedlagde. Dette framlegget truar såleis livskraftig fiskerisamfunn lengst vest i Norge.
- ◆ Seifisket er ei viktig inntektskjelde for kystnotflåten. Inntil 30% av driftsgrunnlaget kjem frå dette fisket. Sjølv om kystnotbåtane skulle få full kompensasjon gjennom nye kvotar på sild og makrell, vil nedlegging av det kystnære seifisket tvinge kystflåten til å drive framandfiske i ein endå større del av året. Dette svekker tilknytninga til fiskerisamfunna langs kysten, og kan etter kvart true eksistensen til desse kystsamfunna.

Framlegget kan skade miljøet fordi:

- ◆ notsei vert fanga nær industrianlegga med låge driftsutgifter og små miljøutslepp
- ◆ notfisket er meir selektivt (målretta mot fangstressursen) enn andre fiskeri
- ◆ nota set få eller ingen spor på havbotnen
- ◆ notseien sin kvalitet gjev grunnlag for lokal sysselsetting og lokal foredling i motsetning til trålseien som i større grad vert frakta til foredling i Kina og andre lågkostland.
- ◆ foredling ved norske landanlegg medfører – i motsetning til foredling til havs - 100% råstoffutnytting der restavfall vert teke vare på og nytta som proteinrikt dyre- og fiskefor.
- ◆ uttaket av notsei er oversiktleg og lett å regulere, medan vi har langt dårlegare oversikt over småseien som vert teken som bifangst i trål eller utsett for EU sitt gjenutsetningspåbod.

Framlegget gjev eit skeivt bilete av den samla verdiskapinga fordi:

- ◆ departementet einssidig baserer seg på ei samanlikning av førstehandsverdien på sei. Når notseien vert levert rund til fabrikk, er prisen sjøvsagt lågare pr. kilo fordi ein større del av bearbeidinga skjer på land.
- ◆ den høge utnyttingsgraden som notseien oppnår ved bearbeiding i norske landanlegg, gjev ei verdiskaping som ikkje kjem fram i ei enkel samanlikning av førstehandsverdien.
- ◆ Departementet ikkje presenterer vurderingar av verditapet som følgje av auka bifangst av småsei i industritrål og småsei som blir ”gjenutsett” av EU-båtar.

Havforskninga konkluderer i si vurdering av minstemålet i 2009 med at notfisket sør for Stad berre utgjer 2-3% av fangstane av nordsjøsei, og at eit auka minstemål vil ha liten effekt for langtidsutbyttet.

Formannskapet i Solund vil difor sterkt rå ifrå å sette lokal fiskeindustri, fiskeriarbeidsplassar og dermed heile fiskerisamfunn på spel, for ei regulering som, etter Havforskninga si vurdering, berre vil overføre fiskeressursar frå notgruppa til trål- og garnfiskarane.

29.11.2012 FORMANNSKAP

Votering:

Ordførar sin uttale vart samrøystes vedteken.

FOR-099/12 VEDTAK:

Solund formannskap gjev fylgjande høyringsuttale, som byggjer på HAFS Regionråd og ordførarane på kysten av Sogn og Fjordane sine uttaler, til Fiskeri- og kystdepartementet om nytt minstemål for sei:

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt ut framlegg til endring av minstemålet på sei nord og sør for 62⁰N. I høyringsnotat av 12. oktober 2012 går departementet inn for å innføre eit minstemål for sei, gjeldande for alle fartøygrupper på 45 cm nord for Stad og 40 cm sør for Stad.

Dette framlegget er ein direkte trussel for fiskeriarbeidsplassar og fiskerisamfunn langs kysten av Sogn og Fjordane fordi:

- ◆ Seinotfisket skjer langs kysten før seien vandrar ut i ope hav. Havforskninga og kystfiskarane er samde om at seien i all hovudsak vil vere vandra ut av dei mogelege områda for kystnotfiske før han når det nye minstemålet.
- ◆ Notsei er hovudproduktet til to kvitfiskverksemdar på kysten av fylket vårt – Bulandet Fiskeindustri på Bulandet i Askvoll og Brødrene Larsen i Kalvåg i Bemanger. For Bulandet Fiskeindustri er 75% av råstoffgrunnlaget levande småsei fanga med kystnotfartøy. Utan dette råstoffet er det overhengande fare for at 25 fiskeriarbeidsplassar i Bulandet vert nedlagde. Dette framlegget truar såleis livskraftig fiskerisamfunn lengst vest i Norge.
- ◆ Seifisket er ei viktig inntektskjelde for kystnotflåten. Inntil 30% av driftsgrunnlaget kjem frå dette fisket. Sjølv om kystnotbåtane skulle få full kompensasjon gjennom nye kvotar på sild og makrell, vil nedlegging av det kystnære seifisket tvinge kystflåten til å drive framandfiske i ein endå større del av året. Dette svekker tilknytninga til fiskerisamfunna langs kysten, og kan etter kvart true eksistensen til desse kystsamfunna.

Framlegget kan skade miljøet fordi:

- ◆ notsei vert fanga nær industrianlegga med låge driftsutgifter og små miljøutslipp
- ◆ notfisket er meir selektivt (målretta mot fangstressursen) enn andre fiskeri
- ◆ nota set få eller ingen spor på havbotnen
- ◆ notseien sin kvalitet gjev grunnlag for lokal sysselsetting og lokal foredling i motsetning til trålseien som i større grad vert frakta til foredling i Kina og andre lågkostland.
- ◆ foredling ved norske landanlegg medfører – i motsetning til foredling til havs - 100% råstoffutnytting der restavfall vert teke vare på og nytta som proteinrikt dyre- og fiskefor.
- ◆ uttaket av notsei er oversiktleg og lett å regulere, medan vi har langt dårlegare oversikt over småseien som vert teken som bifangst i trål eller utsett for EU sitt gjenutsettingspåbod.

Framlegget gjev eit skeivt bilete av den samla verdiskapinga fordi:

- ◆ departementet einsidig baserer seg på ei samanlikning av førstehandsverdien på sei. Når notseien vert levert rund til fabrikk, er prisen sjøvsagt lågare pr. kilo fordi ein større del av bearbeidinga skjer på land.
- ◆ den høge utnyttingsgraden som notseien oppnår ved bearbeiding i norske landanlegg, gjev ei verdiskaping som ikkje kjem fram i ei enkel samanlikning av førstehandsverdien.
- ◆ Departementet ikkje presenterer vurderingar av verditapet som følgje av auka bifangst av småsei i industritrål og småsei som blir ”gjenutsett” av EU-båtar.

Havforskninga konkluderer i si vurdering av minstemålet i 2009 med at notfisket sør for Stad berre utgjer 2-3% av fangstane av nordsjøsei, og at eit auka minstemål vil ha liten effekt for langtidsutbyttet.

Formannskapet i Solund vil difor sterkt rå ifrå å sette lokal fiskeindustri, fiskeriarbeidsplassar og dermed heile fiskerisamfunn på spel, for ei regulering som, etter Havforskninga si vurdering, berre vil overføre fiskeressursar frå notgruppa til trål- og garnfiskarane.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	28.10.2012	Ordfører Frida Melvær	KYSTORDFØRARAR TIL KAMP MOT SEINOTFISKE

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**KVA SAKA GJELD:**

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt ut framlegg til endring av minstemålet på sei nord og sør for 62^oN. I høyringsnotat av 12. oktober 2012 går departementet inn for å innføre eit minstemål for sei, gjeldande for alle fartøygrupper på 45 cm nord for Stad og 40 cm sør for Stad.

SAKSUTGREIING:

Kystnotfiske etter sei er ein viktig fangsressurs for den lokale fiskerinæringa. Ei endring av minstemålet vil vere med å ta vekk grunnlaget for deira drift, og vil såleis setje lokale arbeidsplassar og lokal verdiskaping i fare.

VURDERING:

Kystnotfisket er så viktig for Solund kommune at vi bør gje ein negativ høyringsuttale til dette framlegget.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:

Fiskeri- og kystdepartementet, postboks 8118 Dep, 0032 OSLO
Solund Fiskarlag, Magnar Lending, 6928 KOLGROV